



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
15.01.2020	3743/2020	Eivind Vartdal Ryste

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	04.02.2020

Prosjektstøtte til Tingvoll Økopark 2.0

Bakgrunn

Kva er Tingvoll Økopark?

Tingvoll Økopark er eit kunnskaps- og opplevingsenter etablert på Tingvoll gard i Tingvoll kommune på Nordmøre. Tingvoll Økopark vart offisielt opna 14. juli 2017. Tingvoll gard er den gamle prestegarden i Tingvoll kommune. Eigedomen er på om lag 1 000 dekar. Gardsdrifta er forpakta bort til eit forpaktarpar som driv økologisk mjølkeproduksjon.

Forskningsstiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) og ei avdeling av forskningsinstituttet NIBIO har saman med Miljøfaglig utredning og Landbruk Nordvest kontorlokale på garden. Om lag 45 tilsette har per i dag sin arbeidsplass i ulike bedrifter/institusjonar lokalisert på Tingvoll gard

Selskapet Tingvoll Økopark Eiendom AS eig og forvaltar «Storlåven», «Sol- og Bioenergisenteret» og attraksjonene i tilknyting til desse som utgjer Tingvoll Økopark. Aksjonærar er NORSØK (48,3 %), Møre og Romsdal fylkeskommune (43,1 %) og Tingvoll kommune (8,6 %).

Historien bak etableringa av Tingvoll Økopark

Tingvoll kommune fekk i 2008 innvilga et tre-årig utviklingsprosjekt med støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Tingvoll kommune, Tingvoll næringsforum og Bioforsk Økologisk. Det største delprosjektet var utgreiing av Tingvoll Økopark. Grunnlaget var institusjonane etablert på Tingvoll gard, med spisskompetanse innan økologisk landbruk, hagebruk, matkvalitet, dyrevelferd, fornybar energi, vilt og utmarksforvaltning, ulike generelle miljøspørsmål og næringsutvikling. Utviklingsprosjektet viste at Tingvoll Økopark hadde eit stort potensiale innan opplevingar og kunnskapsformidling.

I 2011 vart selskapet Tingvoll Økopark Eiendom AS etablert, då fylkestinget i desember vedtok å investere 7,5 mill. kroner i aksjar, Tingvoll kommune gjekk inn med 1,5 mill. kroner i aksjar, og NORSØK gjekk inn med verdien av bygningsmassen på 8,4 mill. kroner. I tillegg kom det seinare eit tilskot på 6 mill. kroner frå Landbruks- og matdepartementet, som bidrog til investeringskapital. Dette vart frå fylkeskommunen følgt opp med eit prosjektilskot på til saman 1,2 mill. kroner, fordelt på 400 000 kroner i året i dei tre første åra av etableringsfasen.

Kva kan Tingvoll Økopark tilby?

Visjonen til Tingvoll Økopark er: «FRA UNDRING TIL BEGEISTRING». Konseptet er presentert på www.tingvollokopark.no

Tingvoll Økopark skal tilby kunnskap og opplevelinger innan økologisk landbruk, mat og matkvalitet, helse, dyrevelferd, hagebruk, villmarksliv, utmarksforvalting og sol- og bioenergi. Bærekraftig samfunnsutvikling er felles overskrift for alle desse tema, med fokus på positive muligheter for ei meir berekraftig utvikling.

Den gamle låven (Storlåven) på garden er bygd om til eit opplevingssenter, med lokale for informasjon, kafé/kantine, liten butikk og møterom. Dagens gardsdrift, innhegningar og område for ulike andre dyr enn dei som hører til gardsdrifta, eksisterande flisfyringsanlegg, biogassanlegg og sol- og bioenergisenter inngår som ein del av Tingvoll Økopark, og kan brukast ved omvisingar og arrangement. Den eksisterande økologiske besøkshagen, Stjernehagen, er utvida og det er utforma nytt informasjonsmateriell slik at dette kan brukast til opplevelinger, aktiviteter og som læringsarena. Det er også bygd opp ein liten klatrepark for barn på området.

Tingvoll Økopark er bygd opp med attraksjonar rundt både levande dyr og planter, reelle energiløysingar og ved hjelp av demonstrasjonsanlegg og data-simulatorar. Aktiv deltaking skal gje både undring og læring.

Så, korleis har det gått? Status etter dei to første driftsåra

Byggeprosjektet vart gjennomført i tråd med budsjett, men rekneskapet frå dei to første driftsåra viser at inntektene frå billettsal og kafèdrift har vore for låge til å forsvare driftskostnadane. Økoparken er heilt avhengig av å få fleire besøkande viss vidare drift skal vere mogleg.

Frå november 2017 var det tilsett dagleg leiar ved Tingvoll Økopark. Diverre gjorde ei ulukke at vedkomande vart langvarig sjukmeld, og det var krevjande å skulle erstatte denne ressursen med vikar. Mange støttespelarar har bidrige med ekstraordinær innsats, men utan dagleg leiing over lange periodar, har Økoparken ikkje fått den marknadsføringa og det aktivitetsskapande arbeidet som senteret treng for å trekke folk.

Dagleg leiar sa opp stillinga si i juli 2019. Sommarsesongen 2019 har Økoparken vore drifta av ungdom i sommarjobb, men utan ressursar til marknadsarbeid har besøket, og dermed inntektene, vore låge. Selskapet er no i ein situasjon der ein knapt nok har likviditet til å dekkje dei løpende kostnadane, som er stipulert til om lag 700 000 kroner i året.

Samstundes konkluderer styret med at dei varige verdiane i Tingvoll Økopark er intakt. Kvalitetane i attraksjonen er ikkje svekka sidan opninga. Styret ser eit potensiale i å, gjennom marknadsføring og ulike aktivitetar, auke besøket og dermed inntektene for Tingvoll Økopark. Målet er at ikkje berre det faglege innhaldet, men også driftsøkonomien, skal vere berekraftig i løpet av tre år.

Dette er bakrunnen for at styret no søker både Møre og Romsdal fylkeskommune og Tingvoll kommune om tilskot på 1 mill. kroner per år i tre år. Dette skal sikre ein likviditet på 2 mill. kroner i året, som trengs for å dekkje faste kostnader, for å tilsetje dagleg leiar og til andre utviklingskostnader.

Vurdering

Fylkeskommunedirektøren er einig med styret i Tingvoll Økopark i at det framleis er mogleg for Tingvoll Økopark å lukkast med ei økonomisk forsvarleg drift. Miljø og berekraft har vel aldri vore så høgt på agendaen som akkurat no, og det er ingen tvil om at kompetansemiljøet og fasilitetane på Tingvoll gard har kvalitetar som kan hevde seg i ein veksande marknad for kunnskapsbaserte opplevingar.

Likevel er det mykje hardt og langsiktig arbeid som står att. For å overleve ein pressa likviditet må jobb nummer ein vere å skape aktivitetar som skaffar besök og dermed inntekter til Økoparken. Meir billettsal i sommarseasonen 2020 blir avgjerande. Aktivitet som skaper inntekter må prioriterast.

Samstundes må det jobbast med meir langsiktige prosessar. Tema for parken synest å treffe tidsånda, men det må gjerast strategiske val når det gjeld målgrupper, marknadsføring, utvikling av produkt og potensielle samarbeidspartar.

Økoparken må i større grad søke samarbeid med andre opplevings- og reiselivsaktørar. Fylkeskommunen har gjennom sitt reiselivsprosjekt sett i gang eit bedriftsnettverk som heiter «Opplev Tingvoll – ei grøn mil». Økoparken bør utviklast vidare saman med det prosjektet, og også gjere seg nytte av ressursane i destinasjonsselskapet Visit Nordvest.

Økoparken og koplingane til sentrum spelar ei viktig rolle for «Tingvoll-veven» som er tettstadutviklingsprosjektet for Tingvollvågen. Her er også den vidaregåande skulen eit viktig element, og alt dette heng saman, og må utviklast saman, for å sikre god samfunnsutvikling i Tingvoll.

Tingvoll Økopark er ikkje avhengig av å gjere store investeringar for å endre situasjonen, men eit felles krafttak må til, frå aktørane i Tingvoll, frå potensielle samarbeidspartar i regionen og frå Møre og Romsdal fylkeskommune som regional utviklar. For å lukkast trengst det også å mobilisere lokalt engasjement, som til dømes ved etablering av «Økoparkens venner» eller liknande.

Samstundes vil fylkeskommunedirektøren vere tydeleg på at dette er siste sjanse til å lukkast. Om Tingvoll Økopark ikkje oppnår gode nok besøkstal til å få forsvarleg drift i løpet av denne perioden, vil vi måtte konkludere med at prosjektet ikkje vil lukkast.

Tilskot til utvikling av Tingvoll Økopark 2.0 vil bli finansiert av regionale utviklingsmidlar tildelt over kap. 551 post 60 i Statsbudsjettet. Dette er støttemidlar som tidlegare er tildelt andre formål, men som er trekt attende fordi prosjekt av ulike grunnar har blitt kansellert eller redusert. Fylkeskommunen kan fritt disponere slike inndregne midlar til nye regionale utviklingsprosjekt i distrikta.

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver Tingvoll Økopark Eiendom AS eit tilskot på inntil 3 mill. kroner til utviklingsprosjektet «Tingvoll Økopark 2.0», for perioden 2019-2021.
2. Tilskotet skal nyttast til dagleg leiing, utviklingsarbeid og aktivitet som skaper inntekter, slik at Tingvoll Økopark ved utgangen av prosjektperioden har ein økonomi som sikrar vidare drift. Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer tett dialog med Tingvoll Økopark gjennom prosjektperioden.
3. Tilskotet vert finansiert av inndregne midlar i støtteordninga «regionale utviklingsmidlar, kap. 551 post 60», og tilskotet er gitt på vilkår av at Tingvoll kommune deltek i finansieringa.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Bergljot Landstad
regional- og næringssjef

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot til Tingvoll Økopark
- 2 Budsjett for Tingvoll Økopark 2.0
- 3 Protokoll frå eigarmøte i Tingvoll Økopark 16.12.19